

Til: Private barnehagar som er godkjende for grunntilskot

Frå: Giske kommune

Dato: 15.09.2026

Høyringsfrist: 28.10.2026

Framlegg til lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Giske kommune for tilskotsåret 2027

Stortinget har vedteke endringar i barnehagelova med tilhøyrande finansieringsforskrift. Ei av dei mest sentrale endringane er at kommunane ikkje lenger skal fastsetje grunntilskot til private barnehagar gjennom årlege enkeltvedtak. I staden skal satsane og utrekningsgrunnlaget heretter fastsetjast og kunngjerast i ei lokal forskrift.

Giske kommune har nytta berekningsmodellen og rettleiaren til KS og PBL som grunnlag for berekning av satsar og dokumentasjon. Ver merksam på at pensjonspåslaget ikkje inngår i satsen for grunntilskot. Ein kan difor ikkje samanlikne tidlegare års satsar for driftstilskot med årets sats for grunntilskot utan å ta omsyn til dette. IKT-kostnadar som er med i administrasjonspåslaget skal takast ut av utrekningsgrunnlaget. Både i IKT-kostnadar som er tatt ut av grunnlaget og kostnadar som er med er registrert i eiga fane i reknearket.

Driftsutgifter til styrka barnehagetilbod

Spesialpedagogisk team leverer spesialpedagogisk tenester til alle barnehagane, også dei private. Teamet følger også opp barn med anna morsmål i alle barnehagane. Dei held også kurs og opplæring for alle barnehagane. Dette omhandlar Skoggruppetodikk og også ASK.

Deflator

Endeleg deflator for statsbudsjettet for 2027 ligg ikkje føre når forskrifta blir send på høyring. Berekninga byggjer difor på eit anslag (3,4 % og 3,5 %), som blir justert når endeleg deflator ligg føre.

Kommunen sender framlegg til lokal forskrift på høyring. Høyringa blir gjennomført etter forvaltningslova § 37. Forskrifta fastset satsar som skal nyttast ved utrekning av grunntilskot til private barnehagar.

Høyringsdokument:

Framlegg til lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot

Vedlegg 1: Høyringsnotat

Vedlegg 2: Utrekning av satsar 2027 – private ordinære barnehagar

Innspel skal sendast skriftleg til: post@giske.kommune.no og merkast med

Frist for å sende høyringsinnspel er 28.10.2026.